

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 53

Utkommer hver
måned

Februar 1935

Utgiver og redaktør:
Sogneprest Slaattelid
Davik

6. årg.

Bønn.

Herre Gud, du som er deres styrke som håper på dig: hør i nåde vår bønn; og da vi i vår menneskelige svakhet ikke formår noget uten dig, så gi oss din nådige hjelp, så vi kan leve etter dine bud med tanker, ord og gjerninger. Ved Jesus Kristus, din sønn. Amen.

Vær mild.

Vær mild mot din feilende bror og rekk ham din hånd når han faller, og si ei de dømmende ord som smerten og hatet fremkaller.

Vær mild mot din feilende bror og husk: vi er feilende alle! Ja, selv den som sikrest sig tror kan stundom i snarene falle.

Vær mild — for da vinnes din bror kan hende tilbake til livet.
Vær mild — som du venter og tror du engang skal selv bli tilgivet.

Herrens hus.

Herre, jeg elsker ditt huses bolig, det sted hvor din herlighet bor.

Salme 26, 8.

Kan våre dages kristne i Norge med sannhet synge sådan? Der tales mange steder med altfor stor rett om »tomme kirkebenker«. Ja, ofte også om tomme bedelushenker. Hvor *kolde* er ikke da slike kirker tross all ytre prakt! Hvor de kan beta predikanten gleden og frimodigheten. — Imens strømmer skarene til verdens forlystelsessteder. Det blir en hul dissonans i ordet om »det ene fornødne«. Var det så enda »den salige lille flokk« som drog på kirke-

vei! Men der er ofte så koldt i kristensamfundet. Den hellige enhet, som skulde søke sin samholdsstyrke, idet kirkehusene var fylt av »skaren som gikk op til Herrens hus«, den er delt og spredt.

Elsker du Herrens huses bolig? Herrens herlighet bor der. Ja, den er i den menighetsforsamling som er der hvor to eller tre kommer sammen. Ja, Jesus er der! Herrens huses bolig, hvor du bragtes inn i din spedeste barndoms dager og blev lagt op til Jesu hjerte. — Herrens huses bolig, hvor iallfall nogen av oss med hellig beven bekreftet vår dåpspakt. Herrens huses bolig, hvor Herrens velsignelse dalte ned og beseglet ekteskapspakten. Herrens huses bolig, hvor du bragte dine små hen til korsbetegnelse og gjenfødelse.

Herrens hus er hvor Guds ord forkynnes og Åndens vingesus merkes. *Elsker du den Herrens huses bolig?*

*Utenfor hjertet isner,
verden er så koldt et hjem!
Men når til mig ordet kommer —
da min sjel til himlen bæres.*

Efter pastor Dreyer.

Bibelen i bolsjevikfengslet.

Dr. teol. Oskar Schabert vart saman med mange andre prestar kasta i fengsel av bolsjevikane. Um dette fortel han sjølv fylgjande:

I fengselskontoret var det ikring 60 mann som nyleg var sette fast. Dei skulde no først inn i ein protokoll. Det varde lenge fyrr turen kom til meg. Eg nytta tida til å lesa av det Nye Testamente til dei andre fangane. Kor ivrige samla dei seg ikkje ikring denne boka for å høyra dei trøystande

ordla, liksom tyrstande ikring ei kjelde. Men so forbaud vaktmannen opplesinga.

Eg vart kalla inn på kontoret og vart på ein skamlaus måte visitert. Kor motbydelagt det enn var å gå igjennom dette, so kom der noko endå verre. Dei fann Nytestamentet i lumma mi. Sjefen for fengslet, eit dyrisk subjekt, tok det frå meg. Eg protesterte og sa, at eg levde av denne boka. Då sa han med grov røyst, at fengslet var staten sin eigedom og staten vilde ikkje vita av nokon religion, og dessutan var det ei kjend sak, at dei som las Bibelen vart galne av det; fengslet skulde ikkje verta noko galehus.

Eg gav meg ikkje, og det vart eit heilt ordskifte. Eg sa fast og avgjort at eg slepte ikkje denne boka. Det stod hardt mot hardt. Hæding av Guds ord og ville trugsmål på den eine sida, fast trass på den andre. Tilslutt vart det altfor langdrygt for »sjefen« og han hivde Nytestamentet til meg og sa: »Ja, so ta den skiten då!« Men no heldt eg fram, at han skulde setja fengslet sitt stempel på boka, so ikkje vakta tok den frå meg. Han gjorde det umsider. Soleis har no dette testamentet på titelbladet og andre stader denne påskrift: »Proletarer i alle land, sameina dykk! Den lettiske rådsrepublikk. Riga guvernementsfengsel.«

Med denne skatten i lumma vart eg so førd inn i fengselsromet. Her kunde eg no dag etter dag halda andakt for medfangane mine. Ein russar som ikkje skyna tysk og difor ikkje kunde vera med i andakten vart stilt upp framfor kikholet i døra, »Judas-auga« som dei kalla det, so vaktmannen ikkje frå gongen utanfor kunde sjå kva som gjekk fyre seg. Men vi styrkte oss med Jesu ord og trøysta oss med Davids salmar. Dei hovde so godt i vår stilling. Og tydeleg vart det for oss i fengslet, at Johannes openbering talar um ei antikristeleg makt som den gudause bolsjevisme er ei fyrebuing til. Mest kvar dag lukkast det og a lura seg inn i dei andre fangeroma og forkynna ordet der med.

Den vesle boka som var den einaste i heile det store fengslet har opplevd vidunderlege ting. Ein insjenior kom ifrå forhoyr. Han gjekk beint burt til meg og sa: »Eg er dømd til døden. De har det nye Testa-

mente. Gjev meg det.« Han las, styrkte si sjel og budde seg til den tunge gang. Det varde ikkje lenge so vart han henta ut og skoten.

Der var og nokre jodar i fangeromet. Dei sat stilt og hørde på medan vi kristne heldt andakt. Dei var fulle av undring over alle dei gode ord som Nytestamentet var fullt av. Den vesle boka gjekk frå hand til hand. Det er ikkje rart at blada er tilsulka, so ein sume stader mest ikkje kan lesa skrifta. Eg var den mest ettersøkte mann i fengslet, fordi eg hadde den største skatten, det Nye Testamente med Davids salmar. Med det styrkte vi dei lange einslege dagane, til det klamra vi oss kvar gong ein av oss vart førd ut til døden.

Å du underfulle bok som gjev martyrane trøyst! »I verda har de trengsel, men vær frimodige; eg har vunne over verda.« Joh. 16, 33.

Frå »Dagen«.

Sign oss Gud.

Signe, Gud, vår kyrkjegonge,
gjev oss von og tru
til å vandre vegen tronge
fram til himmel-bu.
Send oss, Gud, di ande-duve
i vart hjarta ned,
at kvar tanke ma oss skuve
fram til heilag fred.

Sign oss Gud, i kvardagsstrevet
med ditt dyre ord.
Lat ved det vårt arbeid gjeve
heilag frukt på jord.
Lat din nåde i oss være,
kjerleik lær oss til,
at din vilje me kan gjere.
Herre, utan tvil.

Signe, Gud, den gode striden
alt til siste slutt.
trøyst oss du i sjelekviden,
når me andar ut.
Vekk oss so til morgonrode
ævelivsens dag,
då me deg i sæla skode
skal i englelag.

J. B.



Våre døde.

5. jan.: Inger Andersdtr. Tytingvåg, enkje, f. 1852 i Tytingvåg; hjerneslag.
6. jan.: Ingeborg Monsdtr. Krabbestig, enkje, f. 1860 på Uren i Selje, bronkitt.

12. jan.: Tor Karlsson Hauge, ug. fiskar; f. 1903; fraus ihel under linjebefaring på stranda ved Berlepollen.

Vak då, for de veit ikkje når husbonden kjem. Mark. 13. 35.

Notisar.

Ektevigde: 12. jan. i Sør-Vågsøy Sigurd Rasmussen Maurstad og Marie Paulsen, Sør-Vågsøy.

Ofringar: I Totland 1. jan. til Menighetsfakultetet kr. 34.75.

Basarar: Kjølisdal 4. joledag til kyrkjesaka 243 kr. — Levdal 13. jan. til ytre sjømannsmisjon 65.18. Maurstad i desember til Kinamissionen 155. — Maurstad 12. jan. til redningssaka 312.30 — Aalfot i desember til finnemissionen 70. — Davik barneforeining for heidningemissionen 30. des. 29.30.

Uppropet mot framlegget um fosterdråp har i Davik sokn fått 667 underskrifter, d. v. s. at praktisk tala kvart einaste vakse menneskje, som var heime, har skrive under. Tala frå Rugsund og Aalfot har eg enno ikkje fått.

Davik sokneråd har valt uppatt: til formann soknepresten, næstformann lærar Aardalsbakke, kasserar R. P. Daviknes; revisorar A. R. Daviknes og P. Drageset med H. H. Hamre som varamann. Desse ofringar var fastsette i 1935: 1. påskedag til sanitetslaget, 1. pinsedag til heidningmissionen, 1. joledag til blindesaka. — Organistlona vart sett til 105 kr., 5 kr. for kvar ordinær gudsteneste. Soknerådet oppmoda kyrkjesongaren å halda fram som organist so lenge ein kan skaffa han vikar som klokkar; for 1934 far han 50 kr. som serleg godtgjering, seinare inga spesielt betaling utanum dei 10 kr. som han har som klokkar for kvar gudsteneste; vikaren hans far organistlona.

Aalfot sokneråd valde uppatt kyrkjesongar Bruiland og lærar Førde til formann og næstformann, P. Sigdestad til kasserar, revisorar Hans Sigdestad og Tomas Myklebust. — Ofringar 1935: Ikr. påske til sanitetslaget, ikr. pinse til heidningmissionen, ikr. jøl til sjømannsmissionen.

Kyrkjeleg statistikk for 1934.

	Davik	Rugsund	Aalfot	Ialt
Fjødde	19	31	5	55
Derav uekte	0	3	0	3
Døyppte	16	29	3	48
Konfirmera	13	25	5	43
Vigde i Davik	5	3	0	8
Vigde andre stader ...	1	4	0	5
Jordfesta	13	25	3	41

Talet på altargjester var i 1934 tilsaman 1322; i Davik sokn 366, i Rugsund 875, i Aalfot 81. Det er dessverre stor nedgang sidan ifjor, då tala var 1565 (404, 1056 og 120).

Hugs på! Barnefødsel må meldast til soknepresten innan ein månad etter fødselen. Lysing til ekteskap bør ein få ordna 3—4 veker fyrr ein har tenkt å ha brudlaup. Dødsfall må meldast til lens-

mannen straks. Presteattestar kostar vanlegvis 1 kr. + porto.

Rekneskap for Kirkebladet 1934.

Inntekt:

Overført frå rekneskap 1933 kr. 666.41

Innbetalt kontingent 1934 .. > 686.00

kr. 1352.41

Utlegg:

Trykkjing og ekspedisjon kr. 600.00

Portoutlegg for nr. 40—51 > 63.97

> 663.97

Overført til rekneskap for 1935 kr. 688.44

Som ein ser har bladet halde stillinga det siste året og har endå til kr. 22.03 i overskot. Eg takkar hermed hjarteleg alle dei som har gjeve sin studnad i det året som gjekk.

I Davik kyrkje kom inn i 1934: 21. jan. kollekt til indremissionen kr. 12.35. — 25. febr. kollekt til Santalmisjonen 34.64. — 1. april ofring til sjukerøktlaget 69.03. — 7. mai ofring til søndagsskulen 15.20. — 20. mai ofring til heidningmissionen 70.85. 8. juli ofring til sjømannsmissionen 94.01. — 19. aug. ofring til Santalmisjonen 37.72. — 14. okt. kollekt til avhaldsarbeidet 9.39. — 25. des. ofring til sjømannsmissionen 90.16. — I misjonsbøssa 0,57. Tils. kr. 433.92.

I Aalfot kyrkje kom inn: Til sanitetslaget kr. 21.75. Til Santalmisjonen 22.48. Til heidningmissionen 26.50. Tils. 70.73.

I Rugsund og Totland kyrkjer kom inn ved ofringar og kollektar kr. 753.47. Eg har har ikkje spesifisera oppgåve

For 100 år sidan. Døde: 14. febr. 1835 Synneve Johnsdtr. Elde, tjenestepige, 57 år. 2. febr. Michel Noesen Margen, kårman, 65 ar. - Vigde: 5. febr.: Anders Mjånæs, tjenestekar, son til Anders Andersen, 26 år, og Christi Tyttingvåg, dotter til Rasmus Pedersen, 24 år.

Kvittering for kontingent: Aalfot: R. Løken 2 kr. — Torheim: Ole A. Torheim 2. — Isane: Oline A. Isane 2; Alfred S. Isane 3. — Dombestein: Kr. Elvebakke 2.50. - Davik: Kr. Frimannslund, O. Wiik, S. Etterdal, Anders Steinset 2; unemnd 5. — Berle: Anton J. S. Berle 2; D. Hessevik 2.50; J. Øvrebø 1.50. — Rimstad: A. Krokepollen 2; Jetmund Myklebust 3. — Levdal: J. Hundeid, Hans J. Lefdal 2.50; Peder K. Midthjell 5; R. Andenes 2; Pernille Lefdalsnes, Elling Midthjell, Nils Lefdals-hjelle 3. — Utanbyds: Synneve Erviksaeter (Innvik) 2.

Hjarteleg takk til alle.

Gudstenester og sundagspreiker:

Sund. septuages., 17. febr.: Rugsund — Kjølisdal. Sund. sexages., 24. febr.: Totland — Berle.

Fastelags sund., 3. mars: Davik — Torheim.

1. sund. i fasta, 10. mars: Aalfot — Kjølisdal.

2. sund. i fasta, 17. mars: Rugsund — Davik.

Gudstenesta.

7. Syndsvedkjeninga.

Inngangsbøn og inngangssalme er lik-som ei innleiing til gudstenesta. Etter dei byrjar sjølv gudstenesta. Og det aller-fyrste her er, at presten vender seg til kyrkjelyden og seier: La oss bøygja oss for Gud og sanna våre synder. Gudstenesta skal jo vera eit møte millom Gud og oss. Vi kjem til Gud for å ta imot hans gåver i ord og sakrament, og for i hans nåde å bera fram våre gåver til han: tilbeding, takk, lovprisning, vedkjening. Men når vi menneskje skal møta den heilage Gud, kva er det fyrste vi då må tenkja på? Det er at vi er syndarar. Sml. Es. 6, 1—7. Difor er det fyrste som vi skal gjera ved våre gudstenester: å bøygja oss for Guds heilage majestæt, sanna våre synder og be um miskunn. Presten ligg på kne under syndsvedkjeninga; det er eit ytre uttrykk for at vi er dei syndige, uverdige, ureine, som audmjukt må be um nåde. Alle skal vi saman med presten vera med, verkeleg fylgja med i syndsvedkjeninga. Vi skal tenkja kvar på våre synder i anger og tru og be Gud å tilgjeve oss. — Vedkjeninga minner oss um, at Gud er den Heilage, opphøgd over alt syndigt og jordisk; men han er og vår himmelske Fader, som elsker oss og gjerne vil vera oss nådig. Vi har so ofte synda imot han, såra han, krenkt han med våre syndige fankar, våre stygge ord, våre vonde gjerningar, og vi har det vonde hjarta med si lyst til det som er imot Guds vilje. Difor bed vi han å sjå ned til oss i nåde. Han må vera langmodig og ikkje reisa oss som vi har fortent. For Jesu skuld, han som leid og døykde for oss, han som kom for å frelsa syndarar, må han tilgjeva oss, og so hjelpa oss so vi kan ottast og elska han åleine. Dette er innhaldet av syndsvedkjeninga, tala ut or den ærlege kristens hjarta. La oss alltid prøva å vera med i den med heile vår sjel.

Foreldre og born.

Far og mor må alltid vera einige når det gjeld forbod eller lovnader til borni. Tenk berre på kva verknad det ma ha på barnehugen når far seier: »Du får ikkje lov,» — men mor straks etter set fars vilje til side og gjev lov til det som han nekta. Eller umvendt.

Fra Claus Frimanns salmer.

Sprede vers.

På hvilken næringsvei du gar
da nærmest du ditt ønske når,
da blidest lykken ynder,
når du dig først rådfører med
din Gud og din samvittighet
før du din sak begynner.

Velsignelsen dig følger ei
om du betreder annen vei,
enn den hvor Gud dig kaller.
Kast ut ditt garn i Herrens navn,
da Gud til ære, dig til gagn
selv tvilsom sak utfaller.

Ei langt i arv nedstiger det
som gjennom krumme veie
sig under laute navn av rett
sneg inn i ondskaps eie.
Ei fulgte det velsignelsen,
men sukk til dig, o Gud, fra den
som følte sig besvegen.

Seks regler for unge kristne.

1. *Forsøm ikke daglig privat bønn.* Husk at Gud er tilstede og hører dine bønner. (Hebr. 11, 6).
2. *Forsøm ikke daglig privat bibellesning.* Husk at Gud taler til dig når du leser, og ønsker at du skal tro og gjøre efter hvad han sier. Alle fratall skyldes forsømmelse av disse to regler. (Joh. 5, 39).
3. *La ikke en dag passere uten å forsøke å gjøre noget for Jesus.* Tenk hver aften over hvad han har gjort for dig og spør så dig selv: »Hvad gjør jeg for ham?» (Mat. 5, 13—16).
4. *Hvis du nogen gang er i tvil om en ting er rett eller ei, så gå inn i ditt rum, knel ned og nedbed Guds velsignelse over den.* (Kol. 3, 17). Kan du ikke gjøre det, er den ikke rett. (Rom. 14, 23).
5. *Hent ikke din kristendom fra andre kristne.* Resonner aldri så, at fordi denne eller hin gjør så eller så, derfor må du og gjøre det. (2. Kor. 10, 12). Men spør alltid dig selv: »Hvorledes vilde Jesus handle i mitt sted?» Og streb så efter å følge ham. (Joh. 10, 27).
6. *Tro ikke hvad du føler, hvis det er imot Guds ord.* Følg Guds ord og ikke ditt eget hjerte. (Rom. 3, 4; 1. Joh. 5, 10—11).

Fra »Maslj. Menighetsblad«.